

Søknad

Søknadsnr.	2019-0100	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Medfinansiering til Kunnskapsparken inkubator 2019 - 2020			

Kort beskrivelse

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane søker med dette om medfinansiering av vårt fylkesdekkande inkubasjonsprogram i Sogn og Fjordane for åra 2019 og 2020. Inkubator er eit verktøy for nyskapande vekstbedrifter og grunderar. Formålet er å gjere bedriftsutviklinga meir effektiv og dermed auke vekst, verdiskaping og overlevingsevne i bedriftene. Kunnskapsparken har vore operatør og ansvarleg for SIVA sitt nasjonale inkubatorprogram i Sogn og Fjordane sidan 2006.

Prosjektbeskrivelse

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane (Kunnskapsparken) er eit innovasjonsselskap som arbeidar for å fremme vekst og utvikling i fylket. Kunnskapsparken er eigd av Fjord Invest Såkorn AS (35,8%), Sogn og Fjordane Fylkeskommune (38,2%), SIVA (15,3%), Sogndal kommune (7,6%) og Stryn Næringshage (0,7%). Både Sparebanken Sogn og Fjordane (1,6%) og Helse Førde (0,8%) har gått inn på eigarsida. Dei har kjøpt andelar hjå Fjord Invest.

KPSF tilbyr inkubasjon gjennom den fylkesdekkande FoU-inkubatoren, og er ein del av SIVA si forsterka inkubatorsatsing, og er eit verktøy for nyskaping og vekst i heile fylket. Vår distribuerte modell ivaretek vekstbedrifter i heile fylket som av ulike årsakar ikkje kan flytte inn i inkubatoren sine faste lokalar. På denne måten bidreg vi til vekst og nyskaping i distrikta, og lokale suksesshistorier.

Inkubatoren tilbyr p.t. følgjande tenester til inkubasjonsbedriftene:

- Rådgiving og oppfølging (innovative nyskapingar)
- Hjelp til søknader, forhandlingar og avtalar
- Finansieringsrådgiving
- Assistanse til å kontakte investeringsmiljøa
- Finansiering gjennom eige fond (Sogn og Fjordane Fondet)
- Fagleg støtte til organisering og leiing
- Kvalitetssikring av prosjekt
- Kontor og fellestenester i eit inkluderande og utviklingsorientert miljø
- Hjelp til å knytte kontakt med dei rette kompetansmiljøa
- Strategiske vurderingar og strategi for opphavsrettar; IPR, vekststrategi, internasjonalisering med meir.

Målgruppa for inkubasjonsprogrammet er nyskapande gründerar og bedrifter med ambisjonar for vekst og utvikling. Inkubator er soleis eit verktøy for å etablere nye vekstbedrifter eller bidra til ny vekst og omstilling i etablert næringsliv.

Kunnskapsparken har også inngått samarbeidsavtalar med Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde, der Kunnskapsparken er kommersialiseringsaktør for forskingsbasert- og anna nyskapning.

Kunnskapsparken bistår institusjonane (Høgskulen og Helse Førde) med å identifisere, registrere og vidareutvikle idear og forskingsresultat med kommersielt potensiale.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS Org.nr:983562973	Trolladalen 30, Fosshaugane Campus 6856 SOGNDAL	95206574
Kontakt- person	Kjetil Kvåle	Loftesnes 6856 SOGNDAL	95206574
Prosjekt- leder	Roger Ulvestad	Feiosvegen 471 6895 FEIOS	93817336

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

2016 NOK 400 000 SIVA Støtte til innovasjonsklynger, art 27

2016 NOK 1 600 000 SIVA Innovasjonsstøtte til SMB-er, art 28

2016 NOK 590 000 SIVA Prosjekt innovasjonsstruktur

2016 NOK 2 500 000 S&FJ Tilskot til nærings- og samf.utv.(NOK 1 000 000 i 2016 og NOK 1 500 000 for 2017)

2017 NOK 400 000 SIVA Støtte til innovasjonsklynger, art 27

2017 NOK 1 600 000 SIVA Innovasjonsstøtte til SMB-er, art 28

2017 NOK 700 000 S&FJ Fylkeskommune, Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017

2017 NOK 400 000 S&FJ Fylkeskommune, Tilskot til innovasjonsstr.prosjektet (rest INU).

2017 NOK 300 000 Innovasjon Norge Klyngestøtte

2018 NOK 500 000 SIVA Støtte til innovasjonsklynger, art 27

2018 NOK 2 000 000 SIVA Innovasjonsstøtte til SMB-er, art 28

2018 NOK 1 500 000 S&FJ Fylkeskommune, Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling

2019 NOK 600 000 SIVA Støtte til innovasjonsklynger, art 27

2019 NOK 2 400 000 SIVA Innovasjonsstøtte til SMB-er, art 28

2019 NOK 1 990 000 (2019-2021) S&FJ Fylkeskommune, Styrka innovasjonsstruktur gjennom partnerskap

Spesifikasjon

Bakgrunn

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane vart tekne opp i det forsterka inkubasjonsprogrammet gjeldande frå 1.januar 2012. Det er tre departement (NHD, KR D og LMD) som har sett av midlar i statsbudsjettet til denne forsterka satsinga. SIVA er nasjonal operatør. Satsinga er ei vidareføring av dei nasjonale inkubatorprogramma; FoU inkubator med distribuert løysing, Mat og naturinkubatorprogrammet og industriinkubatorprogrammet. Programmet har ei varigheit på 10 år.

Inkubasjon er eit verktøy for utvikling av nye vekstbedrifter eller for å utløyse vekst i eksisterande bedrifter. Hovudmålet er å bidra til auka innovasjon som so skal gi auka verdiskaping. Dette skal skje gjennom utvikling av nye forskings- og kunnskapsbaserte bedrifter med stort vekstpotensiale.

I ein inkubator får lovande gründeridear eller -selskap tilgang til eit etablert og strukturert miljø for å lettare kunne nå sitt potensiale. Inkubatorane tilbyr profesjonell forretningsutviklingskompetanse og nettverk i tillegg til eit fysisk miljø der bedriftene kan lære av kvarandre og dra nytte av samlokalisering. Gjennom inkubasjon er det eit mål å auke andelen av levedyktige bedrifter gjennom kompetanse, kapital, nettverk og eventuelt eigarskap.

Tal frå Foreining for innovasjonsselskap i Noreg (FIN) syner at inkubatorbedrifter veks raskare, har fleire tilsette og kjem raskare ut på marknaden. Fråfallet er på kun 20 prosent, mot ca. 70 prosent i samfunnet for øvrig (tal fra FIN).

Kunnskapsparken har vore operatør for SIVA's inkubasjonsprogram sidan 2006. Vi har i denne perioden lagt spesiell vekt på eit tett samarbeid med lokale næringssselskap, næringshagane, kommunane og fylkeskommune. For å lukkast med næringsutvikling/inkubasjon, er det etter vår meining heilt avgjerande med eit godt samarbeid på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

Kunnskapsparken har synt sær s god utvikling og måloppnåing dei siste åra. Ei nasjonal evaluering av alle dei 75 operatørane innanfor næringshage- og inkubasjonsprogrammet resulterte i at Kunnskapsparken klatra i tilskotsmodellen til SIVA og dermed får auka tilskot som skal nyttast mot nyskapande oppstartsbedrifter og prosjekt i etablert næringsliv. Kriterier som låg til grunn i evalueringa var;

- Måloppnåelse i forhold til handlingsplan
- Aktivitetar og omfang
- Historisk utvikling
- Kundetilfredsheit
- Økosystem
- Verdiskaping og omsetning i bedriftene
- Siva sine egne vurderingar

Når Siva løftar opp Kunnskapsparken i sin tilskotsmodell er det ein annerkjenning av vårt arbeid og eit bevis for at Siva er fornøgde med tanke på vår utvikling, aktivitetar og leveransar. Ny inndeling betyr at Kunnskapsparken er på same tilskotsmodell som; Hedmark Kunnskapspark AS, Kongsberg Innovasjon AS, Kunnskapsparken Helgeland AS, Kunnskapsparken Nord AS, Norinova Technology Transfer AS, Oslo Cancer Cluster Incubator AS, Proneo AS, Silicia AS, T:Lab AS, Total Innovation AS, ÅKP AS (Ålesund Kunnskapspark AS).

Prosjekt mål

Hovudmålet er å gi auka nasjonal verdiskaping gjennom effektivt å identifisere, vidareutvikle og kommersialisere gode idear til nye vekstbedrifter, og gi ny vekst i etablerte verksemdar. Inkubatoren skal ha fokus på nyetablering, nyskaping og utvikling av eksisterande næringsliv. Det er avgjerande for inkubatoren at den har tett og forpliktande kopling til relevant næringsliv og FoU-miljø. Etablering av sterke regionale idéfangstnettverk, skal gjennom samspel og komplementaritet, bidra til å gi god effekt i form av større idetilfang og betre oppfølging av kvar einskild ide.

Forankring

Drifta av inkubatoren (prosjektet) er forankra lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er eit omfattande samarbeid med lokale næringssselskap/næringskontor/næringshagar, tilliks med samarbeidet med fylkeskommunen. Gjennom samarbeidsavtalane med Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Helse Førde (HF), er inkubatoren eit viktig verkemiddel for vidareutvikling og kommersialisering av resultat frå studentar, forskarar og andre tilsette.

Rolla som kommersialiseringsaktør for desse to institusjonane, inneber bl.a. svært tett oppfølging i inkubator, samt finansiering av potensielle oppstartsselskap i ein startfase.

Kunnskapsparken samarbeider også med andre SIVA-inkubatorar og kommersialiseringseiningar (TTO) nasjonalt, som til dømes VIS (tidlegare Bergen Teknologioverføring (BTO)). Kunnskapsparken er Connect Vest sin node i Sogn og Fjordane. Lokalt/regionalt er Kunnskapsparken, av næringshagane – Nordfjordeid, Stryn og Sognefjorden, peika på som koordinator for ein samla innovasjonsstruktur i regionen, gjennom ei signert partnerskapsavtale.

Tilsette i Kunnskapsparken er involverte i arbeid i t.d. FIN (Foreining for innovasjonsselskap i Noreg) og har styreverv i Connect Vest. Kunnskapsparken jobbar soleis aktivt for betring av vilkåra for nyskaping og entreprenørskap regionalt og nasjonalt.

Viser elles til vedlagt samarbeidsavtale med SIVA, Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet, VIS (BTO) og Connect Vest.

Prosjektorganisering

Inkubatoren er organisert som ei avdeling i Kunnskapsparken med ein inkubatorleiar. Det vert ført eige avdelingsrekneskap. Totalt er 5 årsverk direkte knytt til inkubasjon. I tillegg nyttar vi eksterne rådgjevarar (erfarne bedriftsleiarar og gründerar) som bistår inkubatorbedriftene og rapporterer til Kunnskapsparken. Dei eksterne rådgjevarane bidreg med komplementær kompetanse.

Våre tilsette har lang og brei kompetanse innan næringsutvikling og kommersialisering av

forretningsidear. To av dei tilsette i inkubatoren har gjennomført NTNU vidareutdanning innan Inkubasjonsleiring. Dette kurset kan inngå som del av ein spesialiseringsutdanning i Strategi og Forretningsutvikling eller eventuelt inngå som en del av Master i Innovasjon og Virksomhetsutvikling.

Samarbeidspartnere

Dei lokale næringselskapa/næringskontora/næringshagane er alle samarbeidspartar. Vidare samarbeider vi også tett med Høgskulen på Vestlandet, Helse Førde, Connect Vest, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Innovasjon Norge, Fjord Invest, VIS (Bergen Teknologioverføring), for å nemne nokon.

Kunnskapsparken er medlem av InBIA (International Business Innovation Association).

Kunnskapsparken er også medlem av Inunet Vestland - eit innovasjonsnettverk beståande av innovasjonsmiljø i Hordaland og Sogn og Fjordane. Kunnskapsparken har ei aktiv rolle i nettverket og er medlem i prosjektstyret.

Aktivitetar

Hovudaktiviteten er inkubasjon og drift av inkubator tenester i Sogn og Fjordane, herunder

- Oppfølging og rådgiving til gründerar
- Kontor plass i inspirerande arbeidsfellesskap
- Workshops, kurs og samlingar
- Nettverksbygging
- Betre kapitaltilgang
- Mobilisering og screening

Kunnskapsparken har pt. kontor plass FUS (Sogndal), Peak Sunnfjord (Førde) og Stryn TechHub (Stryn). I løpet av 2019 har vi som mål å også etablere ei node hjå Sitep AS (Årdal). Vår tilstedeverelse på desse lokasjonane er i tråd med våre mål om å bidra til å utvikle gode innovasjonsmiljø i heile fylket.

Målgrupper

Primære målgruppe er gründerar med nyskapande produkt/teneste, eller etablerte bedrifter med klart definert utviklingsprosjekt. Sekundære målgrupper er 1. linjetenesta og næringsapparata i kommunane. Kunnskapsparken tilbyr også inkubator tenesta til samarbeidspartar, som til dømes Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde. Målgruppene blir invitert til aktivitetane i inkubator tenesta.

Resultat

2018 var enno eit år med svært høg aktivitet, og oppteljing syner at vi har nådd dei fleste av våre mål med god margin. I 2019 aukar vi våre målsetnader og ambisjonsnivå til fylgjande;

* Antall idear vurdert i løpet av 2019: 120 (oppjustert frå 2018 (110)).

* Antall idear vurdert i løpet av 2020: 130 (oppjustert frå 2019 (120)).

Tiltak: hyppig oppfølging av regionalt idefangstnettverk. I tillegg til eget idé søk nyttar vi næringsapparata i kommunane i fylket som idefangstnettverk. Idear frå næringsapparata er, etter avtale med oss, filtrert innan dei blir rapportert til oss som aktuelle inkubator case. I tillegg kjem målrettet innsats frå Kunnskapsparken mot etablert næringsliv samt proaktivt arbeid mot tilsette ved Helse Førde, studentar og tilsette ved Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen i Sogn og Fjordane, jamfør nye samarbeidsavtaler og felles prosjektstilling. Dette arbeidet har mål om å resultere i fleire gode idear som kvalifiserer for opptak til inkubator.

* Antall nyetablerte bedrifter i løpet av 2019: 10 (oppjustert frå 2018 (8))

* Antall nyetablerte bedrifter i løpet av 2020: 12 (oppjustert frå 2019 (10))

Tiltak: Proaktivt jobbing mot Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet og SITEP skal leie til fleire nye selskapsetableringar.

* Antall nye bedriftsopptak (nye og eksist. bedrifter) i 2019: 23 (oppjustert frå 2018 (18))

* Antall nye bedriftsopptak (nye og eksist. bedrifter) i 2020: 25 (oppjustert frå 2019 (23))

Tiltak: Proaktivt jobbing mot Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet og SITEP har mål om å resultere i fleire gode idear som kvalifiserer for opptak til inkubator. I tillegg har vi mål om å sjå resultat av Partnerskapen som er inngått med næringshagane, og at dette også kan føre til at vi får rekruttert fleire bedrifter til inkubatorordninga.

* Totalt antall bedr. i preinkubasjon og inkubatorbedr. i 2019: 41 (oppjustert frå 2018 (36))

* Totalt antall bedr. i preinkubasjon og inkubatorbedr. i 2020: 43 (oppjustert frå 2018 (41))

* Egenkapital tilført inkubatorbedriftene 2019: NOK 2.000.000

* Egenkapital tilført inkubatorbedriftene 2020: NOK 2.000.000

Ein legg opp til ein auke i måltal både i 2019 og 2020. Arrangere ny kapitaldag saman med Aksello, Innovasjon Norge m.fl. for å kople investorar mot våre gründerar. Har også mål om å kople fleire av våre inkubatorbedrifter med investornettverk til blant anna Connect Vest.

Effekter

Ein ny rapport (2018) frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) viser at bedriftene som er tilknytta ein inkubator eller næringshage har betre økonomisk utvikling enn foretak ein kan samanlikne seg med i ei kontrollgruppe. Effektane er betydelige for bedriftene si verdiskaping, omsetning og antall tilsette.

«De positive resultatene som fremkommer i rapporten kan indikere at deltakelse i Sivas programmer er en faktor som øker sannsynligheten for suksess, og som bør tillegges vekt når andre virkemiddelaktører tildeler støtte. Rapporten viser også at om lag en fjerdedel av bedriftene i Sivas programmer mottar finansiering fra andre virkemiddelaktører, sier Erik Fjærli, seksjonssjef i SSB».

SSB peikar på at dei indirekte virkemidlane som Siva sine program tilbyr, kompensere for ein marknadssvikt som private aktørar aleine ikkje vil ha tilstrekkelig med insentiver for å påta seg. Rapporten også til at, særleg inkubasjonsprogrammet, har ein indirekte rolle i innovasjonsprosessane ved å tilby infrastruktur og nettverk for innovasjon.

Totalt sett vil vi påstå at ei aktiv satsing på inkubasjon (gjennom inkubatorprogrammet) vil auka omstillings- og innovasjonsevne, og attraktivitet for tilflytting til fylket/regionen.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kunnskapsparken vart frå 1.januar 2012 teken opp i programmet for Forsterka FoU inkubator med ansvar for heile Sogn og Fjordane. SIVA har som intensjon å bidra med utviklingsstøtte til Kunnskapsparken sin inkubatoraktivitet i totalt 2x5 år frå 1. januar 2012.

Gjeldande frå 1.juli 2018 har Kunnskapsparken inkubator fått auka status, bl.a. som følgje av potensiale for vidare utvikling av næringslivet i regionen. Dette vert følgt opp ved at SIVA har auka tilskotet til Kunnskapsparken frå kr.2.mill til kr. 3.mill pr.år fram til 2022.

Inkubatortenesta er soleis i ein kontinuerleg prosess jf ovannemnte, og denne søknaden gjeld delfinansiering av driftsåra 2019 - 2020.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Adm (personalkost, internmøte, rapportering, etc)	700 000	700 000				1 400 000
Idevurderingar	490 000	500 000				990 000
Innovasjonsrådgivning til målbedrifter	1 600 000	1 680 000				3 280 000
Innovasjonsstøtteteneste til målbedrifter	800 000	840 000				1 640 000
Kompetanseheving	300 000	300 000				600 000
Kontorfasilitetar- Inkubatorpersonale, felles fasi	260 000	260 000				520 000
Nettverksaktivitetar (deltaking på messer, mobilis	400 000	400 000				800 000
Oppfølging av idéfangstnettverk	400 000	420 000				820 000
Profesjonelle støttetenester	500 000	550 000				1 050 000
Reiser til oppfølging	550 000	550 000				1 100 000
Workshop, kurs og samlinger	600 000	600 000				1 200 000
Sum kostnad	6 600 000	6 800 000				13 400 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigenandel inkubatorbedriftene (målbedrifter)	450 000	500 000				950 000
Kunnskapsparken egne midlar (kr og timar)	1 650 000	1 700 000				3 350 000
SIVA Innovasjonsstøtte til SMB, art 28	2 400 000	2 400 000				4 800 000
SIVA Støtte til innovasjonsklynger, art. 27	600 000	600 000				1 200 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	1 500 000	1 600 000				3 100 000
Sum finansiering	6 600 000	6 800 000				13 400 000

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
CV Samarbeidsavtale 2017 - 2018.pdf	1 082 196	21.03.2019
HF Samarbeidsavtale.pdf	1 151 686	21.03.2019
HVL Samarbeidsavtale.signert.pdf	1 208 025	21.03.2019
SIVA Samarbeidsavtale 2017-2022.pdf	1 630 844	21.03.2019
VIS samarbeidsavtale justert 12.02.2019.Signert.pdf	871 129	21.03.2019
Årsrapport Inkubator 2018.pdf	674 977	21.03.2019